


18. Svar på spørsmål grendamøte Suldalsosen- 8 svar

1. I kor stor grad fremjar dagens struktur eit likeverdig tilbod for barn i kommunen?

[Flere detaljer](#)

- | | |
|----------------------|---|
| ● i svært liten grad | 2 |
| ● i liten grad | 2 |
| ● i stor grad | 4 |
| ● i svært stor grad | 0 |



2.

På kva måte fremjar/hemmar dagens struktur eit likeverdig tilbod for barn i kommunen?

For mange einingar

For få elevar i enkelte skular

At det er ein skule i kvar grend gjer at borna likeverdige på et vis

Hemmande; Skular med lågt elevtall- her vil det vera lågare kompetanse i forskjellige fag, lærarkrefter manglande, høg bruk av assistenter/ ungdomsarbeidrarar i timer kor det burde vore brukt lærar med komptanse. Dette fører til at elevane er kome svært ulikt ut då dei kjem på ungdomstrinnet.

Dei på dei større skulane får eit bedre læringsmiljø fagleg og sosialt

Det er stor skilnad på einingane både i antall barn/elevar og tilsette/ressursar. Det sosiale miljøet er sårbart, læringsmiljøet er sårbart/tilfeldig, spes.ped-kompetanse, fagkompetanse ved einingane blir tilfeldig og sårbart.

Det er fokus og samarbeid mellom skulane, mot ein felles ungdomsskule. Likevel er det skilnad mellom skulane og klassane.

Nærhet til buplass fremjar. For få elevar i enkelte grender hemmer dagens struktur

3.

Fordelar med dagens struktur i barnehage og skule?

Nærmiljø

Skule/bhg i kvar grend

Borna har ein skule i nærmiljøet sitt

Kortere skuleveg?

Kortare reise veg

At det ikkje blir så lang reiseveg for barn/rlevar når det finnes barnehage og skule i grenda.

Det er mange som har kort veg til skulen, det er sosialt miljø rundt skulen på ettermiddagen og kvelden. Vinjar skule er eit midtpunkt mellom byggfelta og butikkar/ idrettsanlegg

Nærleik til der du bur/di grend

4.

Ulemper med dagens struktur i barnehage og skule?

Svar

Lite barn på kvar skule

For små forhold

Nokre små skular, vanskelig å skaffe rett kompetanse til alle

For å halda Open ein barnehage med 3-4 born trengs fortsatt pedagog/personell. Medan same antall må brukes i ein barnehage med flere barn- fører til ei svært ujevn fordeling av arbeidskrefter og eit ulikt grunnlag for borna. For skule er det òg på same vis. I tillegg må det vera begrensande for born å ferdast i eit svært lite sosialt miljø.

Få elevar, så kan fort nokon falle utanfor sosialt

For små læringsmiljø, for lite sosialt miljø, for få tilsette. Manglande mangfold: Ikkje nødvendigvis god kjemi mellom barna, finne andre med same interesser å vokse opp i lag med. Få vaksne og ingen menn: ingen å spegla seg i.


Små einingar og vanskeleg å rekruttere tilsette

For få elevar

5. Dersom det ikkje var ein einaste barnehage i kommunen i dag, og ein skulle plassere barnehagar heilt fritt ut frå dagens og framtidas behov: kor mange barnehagar skulle ein hatt?

[Flere detaljer](#)

- 0-2 1
- 2-3 2
- 3-4 3
- 4-5, 2
- som i dag 0



6. Kvifor?

Elev tal

Barn skal leike med barn, ikkje vaksne.

Bør vør barnehage nær der borna bur.

Får å gje eit tilfredstilende tilbud og likskap i kommunen for borna i kommunen. For å ha høg nok kompetanse til stades, og ei økonomisk forsvarleg drift i kommunen.

Utnytte ressursane og økonomien best mulig

Då får ein passe store einingar i forhold til barnetal, ikkje altfor lang reiseregulativ for barna, større og meir robuste fagmiljø.


Krevjande med små barnehagar, større miljø og enklare å få tak i folk. Då reknar eg Sand barnehage som ein barnehage.

Samla litt meir ungar pga. kvalifisert personell og det sosiale blandt ungane. 1 bhg. Vinjar, 2 bhg. på Sand, 1 Jelsa/Erfjord og 1 Ropeidhalvøya. Totalt 5 bhg.

7. Dersom det ikkje var ein einaste skule i kommunen i dag, og ein skulle plassere skular heilt fritt ut frå dagens og framtidas behov: kor mange skular skulle ein ha?

[Flere detaljer](#)

0-2	0
2-3	2
3-4	6
4-5	0
som i dag	0



8. Kvifor?

Svar

Sosialt miljø

Det er superviktig med eit sosialt miljø for alle

Nokre blir samlast for større miljø og kompetanse

1) Erfjord (Jøsenfjorden) /Jelsa - ein barneskule. 2) Sand - ein barneskule. 3) Vinjar/Nes - ein barneskule. 4) Suldal ungdomsskule - ein ungdomsskule for alle i Suldal! (Vanvik - Suldal kan kjøpe plassar på skular i Sauda) Rett bruk av lærarar, faglig og sosialt miljø for dei ansatte Eit betre sosialt miljø for elevar, større gruppe, får betre læringsmiljø!

Utnytte ressursene og økonomien best muligt

Større sosiale læringsmiljø. Ikkje så mange einingar, med ulike bakgrunnar og kulturar som skal prøva å samarbeida på ungdomsskulen. Fleire lærarar: meir robust, mindre sårbart, meir heterogent, større familjø rundt tilsette og elevane.


Mindre skular med få elevar er det vanskelegare å få stabilitet i forhold til tilsette og overgangen frå liten til stor skule er stor.

For å frigjera lærarar/pedagogar og få større skolemiljø. 1 skule Vinjar, 1 skule Sand, 1 skule Erfjord/Jelsa. Ropeidhalvøya til Sand.Totalt 3 skular 1.-7. trinn

9. Bør ungdomskulen skiljast ut som eigen skule?

[Flere detaljer](#)


- Ja 7
- Nei 1



10. Kor liten kan ein barnehage (tal på plassar, barn under 3 år tel dobbelt. Altså kan 6 plassar vera 3 barn) vere for at det skal vere forsvarleg med tanke på Leikemiljø, Kompetanse, Leiing, Anna

[Flere detaljer](#)

- 6 0
- 12 2
- 18 3
- 24 2
- 30 + 1



11. Kor liten kan ein skule vere for at det skal vere forsvarleg med tanke på Læringsmiljø, Kompetanse, Leiing , Anna

[Flere detaljer](#)

- 13 (12 gir udekt skule) 0
- 20 0
- 30 4
- 50 3
- 70+ 1

